Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 22. oktober 2026

Sak 2026/428 – Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane – org.nr. 930 502 715 – klage på vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Medlemmer i Lotterinemnda: leiar Martin Hennig og medlemmer Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

(1) Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane (heretter «klagaren») søkte 22. mai 2025 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2024. Søknaden gjaldt ein sum på 120 548 kroner etter forenkla modell.

(2) Lotteritilsynet avslo søknaden 16. desember 2025. Grunngivinga var at klagaren si verksemd i all hovudsak gjeld arbeid for profesjonelle kunstnarar som er medlemmer i organisasjonane som står bak Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane.

(3) Klagaren klaga på vedtaket 5. januar 2026. Klagaren påpeikar at organisasjonen ikkje er fortenestebasert, men eit sjølvstendig, ikkje-kommersielt, kunstnarstyrt senter som er organisert som ei foreining for formidling av biletkunst og kunsthandverk. Klagaren er registrert i Frivilligregisteret og meiner at organisasjonen derfor er allmennyttig. Dei viser til at sjølv om organisasjonen arbeider med å fremje medlemmene og kunstnarane sine interesser, kjem verksemda også andre og samfunnet til gode ved at organisasjonen formidlar visuell kunst og arbeider med å sikre kunsten sin ytringsfridom. Klagaren sine aktivitetar er ikkje berre retta mot medlemsorganisasjonane Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN) og kunstnarane som er knytte til desse organisasjonane. Utstillingane og arrangementa er i all hovudsak offentlege og opne for allmenta.

(4) Klagaren viser også til at organisasjonen ikkje varetek interessene til ein lukka krets av næringsdrivande. Kunstnarane er profesjonelle og sjølvstendige næringsdrivande, men i stor grad avhengige av offentleg støtte for å kompensere for ein avgrensa marknad. Det er denne situasjonen, ikkje næringsinteresser, som er bakgrunnen for at Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane og kunstsentera i Noreg har fokus på å styrkje kunstnarøkonomien. Klagaren trekkjer fram at Lotteritilsynet i sitt avslag skriv at organisasjonen skal vere eit ressurssenter og skape arbeid for kunstnarane. Dette skjer i stor grad indirekte gjennom kurs, arrangement, utvikling av infrastruktur for kunst og utlysing av til dømes utstillingsplass. Formidlingssalet i organisasjonen sitt lokale og via ei framtidig nettside kan potensielt gi kunstnarane inntekter, men gjer også kunst tilgjengeleg for publikum. Klagaren presiserer vidare at måten senteret er organisert på, ikkje gir rom for at enkeltkunstnarar kan fremje eigne næringsinteresser ved å skaffe seg oppdrag og

Postadresse: Postboks 511 Sentrum 5805 Bergen
Besøksadresse: Vestre Strømkaien 13 5008 Bergen
Telefon: +47 55 19 30 00

marknadsføring gjennom senteret. Klagaren sitt styre peikar ut eit kunstfagleg råd som utviklar program og gjennomfører offentlege utlysingar av utstillingsplass og liknande.

(5) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om på vedtaket og sende 26. februar 2026 klagen og saksdokumenta til Lotterinemnda for behandling, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 33.

(6) Klagaren sende i brev 13. mars 2026 utfyllande merknader til Lotteritilsynet si innstilling til Lotterinemnda. Dei viser til at sjølv om kunstnarane er registrerte som næringsdrivande, skil verksemda seg i stor grad frå næringsverksemd i andre bransjar. At kunstnarar får honorar eller vederlag, eller eventuelt kan selje verk, er ein konsekvens av profesjonell kunstformidling, ikkje eit uttrykk for at verksemda primært varetek næringsinteresser. Eventuelle økonomiske fordelar for kunstnarane er eit resultat av kulturverksemd, og ikkje formålet med verksemda.

(7) Klagaren viser til at utstillingshonorar og utstillingsvederlag som kunstnarane får, er kulturpolitiske ordningar. Betalinga er kompensasjon for arbeid og opphavsrett, og er ikkje næringsstøtte. Nivået på utbetalingane er lågt og ikkje kommersielt motivert. I realiteten får kunstnarane berre dekt eit minimum av utgiftene sine. Dei viser elles til klagen og kommentarane i sin heilskap.

Det rettslege grunnlaget

(8) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (heretter «forskrifta»). Denne forskrifta er no oppheva, men var gjeldande for søknadsrunden i 2025.

(9) Formålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet, og ordninga skal kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, jf. forskrifta § 1.

(10) Ved søknad etter forenkla modell følgjer det av forskrifta § 7 første ledd at søknadsgrunnlaget blir berekna av totale driftskostnader etter avgrensing og postar det skal gjerast frådrag for, jf. andre ledd og § 6.

(11) Det går fram av forskrifta § 6 bokstav a at det ikkje blir gitt kompensasjon for kostnader eller nyskaffingar som fell utanfor den frivillige og ikkje-fortenestebaserte delen av verksemda, eller som er tilknytte verksemd som kjem inn under § 3 tredje ledd.

(12) Det blir ikkje gitt kompensasjon for meirverdiavgiftskostnader til verksemd som kjem næringsinteresser til gode, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav f.

(13) Lotterinemnda kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd. Etter forvaltningslova § 34 siste ledd kan Lotterinemnda gjere nytt vedtak i saka eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til Lotteritilsynet for heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

(14) Klagen frå Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak frå 16. desember 2025 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2024.

(15) Det følgjer av forskrifta at det ikkje blir gitt kompensasjon for meirverdiavgiftskostnader som kjem næringsinteresser til gode, jf. § 3 tredje ledd bokstav f.

(16) Ordlyden i forskrifta § 3 tredje ledd bokstav f er ikkje avgrensa til medlemmene sine eigne næringsinteresser. Avgrensinga gjeld også viss søkjaren si verksemd kjem andre sine næringsinteresser til gode. Sjå tilsvarande i Lotterinemnda si avgjerd i sak 2026/308 med vidare tilvisingar.

(17) Klagaren er stifta av organisasjonane Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN). Desse medlemsorganisasjonane består av profesjonelle kunstnarar i Sogn og Fjordane. Organisasjonane skal vareta medlemmene sine faglege, ideelle og økonomiske interesser. Medlemmene i desse organisasjonane som har tilknyting til Sogn og Fjordane, har stemmerett ved klagaren sitt årsmøte, jf. klagaren sine vedtekter § 2.

(18) Det går fram av klagaren sine vedtekter § 1 at organisasjonen mellom anna har som formål å vere eit ressurssenter og skape arbeidsoppgåver for biletkunstnarar og kunsthandverkarar i distriktet. Ifølgje klagaren si årsmelding for 2024 skal organisasjonen skape arbeid for kunstnarane, mellom anna ved å leggje til rette for ulike salskanalar. Klagaren har til dømes starta formidlingssal i eigne lokale, har kunstverk på utstilling heile året og har som mål å utvide tilbodet med nettbutikk. Det kjem vidare fram av årsmeldinga at organisasjonen hadde redusert aktivitet i 2024, og at det ikkje var tid eller midlar til anna program enn medlemsutstillinga «Mønstring». Her blei det stilt ut 59 kunstverk av 32 kunstnarar på Sogn og Fjordane Kunstmuseum frå 1. november 2024 til 2. mars 2025. Det går fram av heimesida til medlemsorganisasjonen Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) at «Mønstring» er ei salsutstilling der publikum får moglegheit til å både oppleve og kjøpe samtidskunst på høgt kunstnarisk nivå.

(19) Lotterinemnda legg derfor til grunn at eitt av klagaren sine hovudformål er å hjelpe profesjonelle kunstnarar i regionen Sogn og Fjordane med sal og utstilling av kunst. Sjølv om klagaren si verksemd også fremjar kunstformidling, vil særleg aktivitetar som legg til rette for sal og utstilling av profesjonelle kunstnarar sine kunstverk, vere verksemd som kjem kunstnarane sine næringsinteresser til gode, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav f. At kunstnarane sine honorar og vederlag er låge, og at kunstnarane i stor grad er avhengige av offentleg støtte, kan ikkje Lotterinemnda leggje avgjerande vekt på. Klagaren har sjølv opplyst at kunstnarane er næringsdrivande, og at organisasjonen arbeider for å fremje medlemmene sine interesser.

(20) Klagaren har hevda at organisasjonar med tilsvarande formål og organisering har fått meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2024. Lotterinemnda forstår dette som ein påstand om usakleg forskjellsbehandling.

(21) Lotterinemnda vil nemne at spørsmålet om meirverdiavgiftskompensasjon i kvar enkelt sak krev ei konkret vurdering av om vilkåra i forskrifta er oppfylte. Nemnda har i denne saka gjort ei konkret vurdering av det vedtaket det er klaga på, og komme til at klagaren si verksemd ikkje gir rett til kompensasjon. At andre organisasjonar, eventuelt uriktig, har fått innvilga meirverdiavgiftskompensasjon, kan ikkje innebere at klagaren får innvilga kompensasjon når vilkåra i forskrifta ikkje er oppfylte. Nemnda kan vidare ikkje sjå at klagaren har vist til ei konkret sak som tilseier at organisasjonen har blitt utsett for usakleg forskjellsbehandling.

Konklusjon

(22) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Lotteritilsynet sitt vedtak skal bli ståande.

Vedtak

Klagen blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.